

Deling av Jønneberg og Forberg

Utval for plan, teknikk og næring (PTN) har etter søknad frå Halvor Ulvenes vedteke deling av driftseininga Jønneberg 35/1 og Forberg 37/8,30 som omsøkt. Grunngeving for vedtaket er at Jønneberg ligg for seg sjølv i eit viktig kulturlandskapsområde og fast busetting vil sikre kulturlandskapsverdiene på ein betre måte. Det

vert også lagt vekt på at det er yngre generasjonar som ønskjer å satse på aktiv landbruksdrift på båd gardane. PTN-utvalet vedtok saka med seks mot ei røyst (Sveinung Skoe Erikstein (KrF)). Halvor Ulvenes seier i søknaden at formålet er å overdra kvar av dei to gardane til døtrene Åste Ulvenes og Eli Ulvenes.

Fekk medhald i klage

Andres Hegna har klaga på avslag om frådeling av kårbusstad på eigedommen gnr. 61, bnr. 3. Rådmannen tilrådde Utval for plan, teknikk og næring (PTN) å oppretthalde vedtak om å ikkje gje frådeling. PTN-utvalet var på synfaring på eigedomen og vedtok i sitt siste møte å seie ja til frådeling med fem mot to røyster. Det var Arvid Hagen (Ap) som foreslo å gje frådeling. Vedtaket inneber ein dispensasjon frå kommuneplanens arealdel med tanke på frådeling av bustad i gardstun.

Massivt ja til Midt-Te

Kommunestyrepolitikarane i Bø seier massivt ja til kommunesamanslåing i Midt-Telemark. I Nome er også nokre positive, men ikkje i Sauherad. Seljord vil vestover.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Det viser ei spørjeundersøking som Bø blad har gjennomført. Me har sendt epost til alle kommunestyrepreressantane i Nome, Sauherad, Seljord og Bø. Der har me spurt kva dei meiner om kommunesamanslåing, om dei er positive eller negative og eventuelt kven dei meiner eigen kommune bør slå seg saman med.

Det må understreke at mange av dei som seier ja seier at det er på grunn av at dei ikkje ser at det er mogleg å gjere noko anna.

To nei

I Bø er det to politikarar som seier nei til samanslåing. Det er Kristin Ødegård Vestgarden (V) og Rønnaug Woxen Thoen (Sp). Dei meiner at Bø kan halde fram som eigen kommune.


Alle som seier ja meiner at det er Midt-Telemark som er mest naturleg som ny kommune, men mange vil gjerne ha med Seljord òg. Det gjeld også ordførar Olav Kasland (V) som likevel har meint at det er viktig å vere med på utgreiingar som Liffjell rundt.

Ein Midt-Telemark-kommune er også det innbyggjarane i Bø ønskjer seg, ifølgje meiningmålinga som Bø blad gjennomførte tidlegare i haust.

Ei for Telemark

Einaste unnataket er Kristin Digranes Bøen (KrF). Ho leikar med tanken på ein Telemark-kommune. Sauherad utan Hjuksebø og Nome utan Ulefoss meiner ho er for lite. Seljord kan godt høyre med, meiner ho, men stiller spørsmål ved Notodden. Ho kastar likevel fram tanken om Telemark som ein kommune med bydelar i alle dagens kommunar.

Dei som ikkje har svart i det



Liffjell rundt. Spørjeundersøkinga til Bø blad viser at det er få av dei som har svart som går for Liffjell rundt som kommune. I Sauherad er det nokre og nokre som meiner at Midt-Telemark er for lite.

heile i Bø er Arvid Hagen (Ap), Heidi Røneid (Ap) og Frode Lieungh (H). Olav Lahus (V) vil ha gjennomgang av Liffjell rundt før han svarar, medan Ole Morten Aasgrav (Frp) seier at han ikkje ønskjer å svare sidan han ikkje likar at prosessen blir gjennomført med tvang.

Seljord vil vestover

Det er åtte av 21 kommunestyrepolitikarar i Seljord som har svart ja til samanslåing. Dei fleste ønskjer at Seljord slår seg saman med ein eller fleire av Vest-Telemark-kommunane.

Nokre meiner det er for tidleg å binde seg til alternativ, blant dei er Solveig Sundbø Abrahamsen (H) som sit på Stortinget, og partikollega Edvard Mæland. Ordførar Jon Svartdal (KrF) ønskjer seg primært til Vest-Telemark, alternativet er Bø og dei kommunane som vil slå seg saman med den kommunen. Mogens Iversen (Frp) ønskjer at Seljord slår seg saman med Hjartrdal og Notodden slik at kommunen kjem nærmare Kongsberg-regionen.

Gunn Marit Sandsdalen Lind (SV) seier nei til samanslåing.

Det er 10 som ikkje har svart frå Seljord, det gir ein svarprosent på 52.

Nokre positive til Midt-Telemark

Det er sju kommunestyrepreressantar frå Nome som har svart ja til samanslåing. Dei har alle svart at dei føretrekkjer Midt-Telemark, nokre få skriv eventuelt Grenland. Blant dei som er positive til Midt-Telemark er Gry Anette R. Amundsen (Frp). Ho skriv at alle dei tre Frp-laga i Midt-Telemark er einige om ei uttale der det heiter at ein ser på Midt-Telemark som

ein naturleg ny kommune. Men det bør haldast folkerøysting slik at dersom nokon område ønskjer andre løysingar så skal dei få høve til det.

Seier nei

Line Slaattedahl Pershaug, Tom Vidar Slåtta, Tor Erik Baksås og Torunn Brukås Kleiva, alle Sp, ønskjer å behalde Nome som eigen kommune. Blir ein nøydd til å slå seg saman vil Slåtta slå seg saman med Skien, eventuelt dele Nome. Dei andre føretrekkjer Midt-Telemark.

Mette Sanden (SV) seier også